



Radøy kommune - teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/2115 - 16/15083

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

28.11.2016

Gbnr 20/2 Utsylta - Nytt tak gråsteinsbygg - uttale kultur

Viser til brev datert 22. november der de ber om uttale til ein søknad om å leggja nytt tak på gamle gråsteinsmurar.

Murane er i følgje Sefrak-registreringa restane av ein stall bygd i siste kvartal på 1800-talet. Dette er ein av få registrerte frittstående stallar i Radøy kommune, og på bakgrunn av det, eit bygg med lokal kulturminneverdi.

For å bevara kulturminneverdien er det ynskjeleg at bygningar vert restaurerte i tråd med antikvariske prinsipp. Det vil seia at ein freistar å setja bygningar i stand slik dei opphavleg var, og så langt som råd brukar tilsvarende materialar og metodar som var nytta i bygningen frå før. Dersom bygningar har høg kulturminneverdi og ein restaurerer i tråd med antikvariske prinsipp, kan ein søkja tilskot til restaurering frå t.d. kommunen, fylkeskommunen og evt andre tilskotsgevarar. Råd og rettleiing om restaurering og hjelp til å skriva søknader, kan ein få hjå Kulturverntenesta i Nordhordland. Denne tenesta er gratis for privatpersonar i Nordhordland.

Slik ein har tenkt å leggja tak på murane, er ikkje i tråd med antikvariske prinsipp. Då det å leggja tak på murane er med på å ta vare på murane, og tiltaket er reversibelt, finn me likevel ikkje tungtvegande grunnar til å rå i frå tiltaket. Kulturminneansvarleg har difor ingen merknader til at tiltaket vert gjennomført som skildra i søknaden.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakarar:

Radøy kommune - teknisk
forvaltning